

## Møtereferat

Dato: 29.02.2016

Emne:	<b>Referat frå møte i Temagruppe dimensjonering 17.2.2016</b>	
Til stades:	Elise Dåvøy, LO Ann-Kristin Kristoffersen, NHO Vidar Kjørås, KS Kristin Iversen (erstattar Agnetha Wiborg), Forsking, internasjonalisering og analyse Torbjørn Lorentzen, Forsking, internasjonalisering og analyse Stian Skår Ludvigsen, Forsking, internasjonalisering og analyse Agnetha Wiborg, Forsking, internasjonalisering og analyse Torbjørn Mjelstad, fagopplæringssjef Sissel Øverdal, regionleiar opplæringsavdelinga Anne Sara Svendsen, fagopplæringskontoret	
Forfall:		Sak: 2014/17126-70
Møtetid:	0830-1130	Møtestad: Møterom 11. etg Fylkeshuset

**Møteleiar: Torbjørn Mjelstad**

**Referent: Anne Sara Svendsen**

### 1. Bakgrunn, mandat og forventningar

- a. Denne gruppa er ei av tre temagrupper som skal gi innspel til arbeidsgruppa for Regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Gruppa skal sjå på
  - i. Kartlegging av forholdet mellom opplæringstilbod, lære plassar mm innan vidaregåande opplæring
  - ii. Kartlegging av forholdet mellom opplæringstilbod, tal på studieplassar mm innan fagskuleutdanninga
  - iii. Kartlegging av forholdet mellom opplæringstilbod, tal på studieplassar mm innan høgare utdanning
- b. Innspel frå temagruppa:
  - i. Viktig å få fram eventuelle nye ønske om data snarast mulig.
  - ii. Korleis kan vi skape modellar som gjer framtida meir føreseieleg?
  - iii. Korleis kan vi sette skulane i stand til å innhent realistiske intensjonsavtalar med næringslivet? Ref fagskulane som må vise til avtalar med næringslivet for å få godkjent nye utdanninger av NOKUT.
  - iv. UiB – nasjonalt nivå. Må også ta omsyn til nasjonale oppdrag og spesielle område. Litt vanskeleg å ta høgde for i vårt arbeid?
- c. Avgrensingane for arbeidet må settast, kva skal vi levere/ikkje levere. T d :
  - i. Avgrensing mot rulleringa av skulebruksplanen
  - ii. Y-vegen og fleksibilitet skal ivaretakast av gruppe 2

## **2. Dagens situasjon**

- a. Torbjørn presenterte ein status for fagopplæring.
- b. Mulig utgangspunkt for arbeidet: Kva er problemet med dagens struktur?
  - i. Tar lang tid å justere systemet
  - ii. Feilval, forventningar frå ungdommen
  - iii. Overgangane mellom nivåa
  - iv. Elevane kan velje si retning, utan å ta omsyn til behov i arbeidslivet
  - v. Kortsiktig-langsiktig perspektiv
  - vi. Læreplassane er nødvendigvis ikkje der ungdommen bor.
  - vii. Mismatch over tid i fleire fag
  - viii. 30% av lærlingane kjem ikkje frå vg2
  - ix. Skulen har ikkje 4-årig perspektiv
  - x. Korleis har arbeidsinnvandringa påverka

## **3. Kva vil vi med arbeidet**

- Fokusere på korleis ein kan lage system/arenaer som kan bidra til at arbeidet blir lettare. Ny logistikk.
- Kunnskap om system, tal. Proppar. Kartlegge.
- Hindringar i samfunnet? Mobilitet, støtteordningar.
- Vansklig å lage gode, langsiktige prognosar i dag. Trendar vil bli brotne pga teknologisk utvikling mm. Kan lage scenario. Kanskje prognosar for 10-års perspektiv, ikkje lengre.
- Mest realistisk 2-5 års perspektiv. Vi har data for næringar, ikkje for fag. SSB har ein del data på fagnivå.
- Ta ut enkelte fag og kartlegge/beskrive detaljert? Vise kompleksiteten.
- Arbeidslivet må svare på kva det er behov for.
- Kva kan vi realistisk sett få til? Korleis heng ting saman. Felles bevisstheit.
- Vismannspanel i forhold til tilbodet komande år?
- Ein del bedrifter som ikkje tar inn lærling fordi ein ikkje har jobb å tilby i etterkant? Vi bør få avklart slike mistydingar. Skifte til opplæringsperspektiv.

## **4. Eventuelt**

- 19. april er det nytt møte i arbeidsgruppa, gruppeleiarane for temagruppene skal presentere arbeidet i form av eit notat.

### **Neste møte:**

Torbjørn M. kallar inn til snarleg nytt møte.